

Innhold

Formål - Dette vil vi oppnå.....	2
Bakgrunn - Difor gjer vi det	3
Utfordringar.....	3
Nedgang i medlemstal og lite planmessig rekruttering	3
Høg gjennomsnittsalder	4
Medlemslojalitet.....	4
Pensjonister og ikkje-bibliotektilsette melder seg ut	4
Korleis kan strategien brukast?.....	5
TILTAKSPLAN	6
MÅL: Integre rekruttering i foreiningas tenking og arbeid	6
MÅL: Auke talet på yngre medlemmer	7
MÅL: Styrke medlemslojaliteten	8

Formål - Dette vil vi oppnå

Norsk bibliotekforeining er til for biblioteka og bibliotekbrukarar, og skal styrke og utvikle biblioteka sin posisjon i samfunnet, mellom anna ved å fremje biblioteksaker overfor offentlege styresmakter og i samfunnet elles. For å kunne gjere dette må foreininga vere ein truverdig representant for biblioteka. For å klare det trengst ulike typar medlemmar frå heile bibliotekfeltet – både personlege medlemmar, institusjonsmedlemmar og støttemedlemmar.

Norsk bibliotekforeining er en interesseorganisasjon for bibliotek og bibliotekinteresserte. Vi mener at tilgang til bibliotek og informasjon er en menneskerettighet og en forutsetning for ytringsfrihet og demokrati.

Vårt formål er å styrke og utvikle bibliotekenes posisjon i samfunnet, og fremme bibliotekenes interesser overfor offentlige myndigheter og samfunnet generelt.

§ 1. Formål i «Vedtekter for norsk bibliotekforeining»

For å støtte opp under føremålet til Norsk bibliotekforeining, skal denne strategien bidra til:

Hovudmål

God
organisasjonsutvikling

Utvikling av
medlemskap

Arbeidsdokument for
heile organisasjonen

Delmål

Integrere rekruttering i
foreiningas tenking og
arbeid

Auke talet på yngre
medlemmer

Styrke
medlemslojaliteten

Strategien skal nyttast av organisasjonen som heilskap, både av hovudstyre, regionlag, faggrupper og tillitsvalde elles. Samstundes er tiltaka i strategien retta mot potensielle medlemmar og medlemmar som vurderer å melde seg ut.

Bakgrunn - Difor gjer vi det

[Handlingsplanen for 2024–2026](#) slår fast at Norsk bibliotekforeining skal arbeide aktivt med organisasjonsutvikling og særskilt med auka aktivitet og kommunikasjon retta mot medlemmar og tillitsvalde. Å uttarbeide ein medlemsstrategi er ein del av dette arbeidet.

Hovudstyret vedtok 3. juni 2024 å setje ned ei arbeidsgruppe som skulle utarbeide medlemsstrategi. Som del av mandatet skulle gruppa:

- Utarbeide en ferdig medlemsstrategi, som skal fungere som et verktøy for hele foreningen.
- Bidra med erfaringer og innspill.
- Gjennomgang/kurs/workshop med tillitsvalgte når strategien er ferdig.

Bakgrunnen for vedtaket under både landsmøtet og i hovudstyret var fleire. For det første er Norsk bibliotekforeining ein medlemsorganisasjon med historie heilt attende til 1913, som har fulgt utviklinga i det moderne norske bibliotekfeltet tett heile sin eksistens. Aktive medlemmar med meiningmot og innsatsvilje er ein sentral del av sjølvforståinga og arva til organisasjonen som det er ønskeleg å dyrke og gro vidare.

Med mange, ulike bibliotek og menneske som medlemmar, er foreininga godt skodd til å ta innover seg mangfaldet av meiningar, suksessar og utfordringar som finst i feltet. Såleis kan ein treffe breiare og nå fleire i dagleg arbeid og utviklingsprosjekt; oppnå felles mål på vegne av biblioteka, bidra i det offentlege ordskiftet og vere ein attraktiv samarbeidspartnar for både bibliotek, bibliotektilsette og styresmakter. Det fordrar samstundes ein veldrive organisasjon som kan tenkje langsiktig i arbeidet med å rekruttere, ivareta og løfte fram medlemmar.

Samstundes har medlemsverving og -pleie i mange år vore lite planmessig, og regionlag og faggrupper har i liten grad vore godt nok involvert i arbeidet. Ein medlem verva i eit regionlag er ein medlem verva sentralt, og likeins går det andre vegen. Ein heilskapleg strategi som bidreg til at organisasjonsledd arbeider nokolunde likt, kan styrke både medlemstal og organisasjonen som heilskap.

Norsk bibliotekforeining treng eit godt arbeidsverktøy for rekruttering og medlemspleie, som kan nyttast sentralt, lokalt i regionalaga, i faggruppene og av andre medlemmar som ønsker å styrke organisasjonen. Medlemsstrategien er eit ledd i dette arbeidet.

Utfordringar

Nedgang i medlemstal og lite planmessig rekruttering

Norsk bibliotekforeining har per september 2025 om lag 2500 medlemmer. Foreininga har dei siste åra opplevd ein jevn nedgang i medlemstalet. Det har vore gjennomført ein eller fleire rekrutteringskampanjar kvart år, som har resultert i nye medlemmer. Men ikkje i stort antal, og ikkje eit antal som “veg opp for” det talet som melder seg ut. Ein del medlemmer som blir verva gjennom

kampanjar blir heller ikkje verande i foreininga, men fell tidleg frå. Me ønskjer difor å samle foreininga om ei plan for rekruttering, som kan gjere det enklare å vite kva ein kan gjere og når.

Høg gjennomsnittsalder

Ei medlemsundersøking gjennomført hausten 2024 viser høg gjennomsnittsalder blant medlemmene. Det er ikkje eit problem i seg sjølv, men det vil bli ei utfordring på sikt om ein ikkje greier å rekruttere yngre medlemmer. Det er også ei utfordring med tanke på representasjon og mangfald. Skal Norsk bibliotekforeining vere ei relevant og truverdig stemme i samfunnsdebatten, må fleire tankar, interesser og meininger vere representert. Norsk bibliotekforeining har også potensiale til å vere ei kjelde til engasjement og politisk medvit blant nyutdanna bibliotekarar, studentar eller andre yngre som nyttar biblioteket.

Medlemsstatistikk (Medlemsundersøkelsen 2024)

86 % kvinner

58 % over 50 år

18 % under 40 år

82 % ansatt i bibliotek

Medlemslojalitet

Eit mål for Norsk bibliotekforeining er å rekruttere nye medlemmer. Men like viktig er det å halde på dei medlemmene som allereie er innafor.

Foreininga har to hovudkategoriar av medlemmer: personar og institusjonar. Norsk bibliotekforeining har i fleire år hatt meir fokus på medlemspleie for personlege medlemmer enn for institusjonar. Det er ikkje openbert for institusjonsmedlemmer kva ein kan få ut av medlemskapen eller kva ein evt. mister om ein melder seg ut.

Pensjonister og ikkje-bibliotektilsette melder seg ut

Medlemmer som melder seg ut oppgir ulike årsaker, mellom anna økonomiske, at ein har bytta jobb eller vorte pensjonist. Sjølv om foreininga har lågare kontingent for m.a. pensjonistar, er det likevel ein del som melder seg ut når dei sluttar å jobbe. Det er naudsynt å få på plass rutinar for korleis ein argumenterar for medlemskap også for ikkje-bibliotektilsette og promotere pensjonistmedlemskap.

Foreininga innførte ein støtte-medlemskap i 2024, men denne medlemskategorien har ikkje rokke å sette seg endå. Støttemedlemskap kan gjere det enklare å melde seg inn, då både beløpet og grada av forplikting er låg.

Korleis kan strategien brukast?

Strategien er strukturert etter tre delmål. Delmåla har to eller fleire tiltak, som svarer på dei utfordringane som er skissert over. Tiltaka er utmeisla i ein meir detaljert handlingsplan, der noko er konkret og tidsavgrensa for 2026, mens andre ting er løpande og tenkt gjennomført årleg. I kolonna for tiltak som skal bli gjort i 2026 er målet at alle skal hakes av innan 1. januar 2027.

Punkta i handlingplanen har ei ansvarsfordeling. Mykje av arbeidet vil ligge hos sekretariatet, men både hovudstyret, regionlag, faggrupper og utvalg er inkludert i arbeidet. Strategien skal vere eit verktøy for heile foreininga, og vi treng å jobbe saman for å nå dei måla vi har satt.

Strategien kan også fungere som ei huskeliste, sjekkliste eller påminning om verving, og skal gjere oss alle meir medvitne om å ta rekruttering med i beregninga i alle prosessar, aktivitetar og samanhengar. Eit mål er at strategien blir eit av styringsdokumenta i alle organisasjonsledd, og er med i beregninga når ein lagar handlingsplanar for nytt år, medlemsaktivitetar osb. Målet er også å gjere politisk arbeid enklare for alle, når ein har gode ressursar, malar og andre verktøy innan rekkevidde.

Arbeidsgruppa tilrår å evaluere og oppdatere tiltaka som gjerer i 2026 om ein ser at det er naudsynt.

TILTAKSPLAN

MÅL: Integrere rekruttering i foreiningas tenking og arbeid

Medlemsvekst kjem ikkje av seg sjølv, men må inkorporerast i planer og prosessar i foreininga. For å kunne rekruttere fleire medlemmer må vi ha gode verktøy og ressursar som gjer arbeidet enkelt, effektivt og likt i heile organisasjonen. Vi treng å styrke foreiningas kapasitet til medlemsrekruttering, senke terskelen for å melde seg inn og skape eigarskap til verving i alle ledd.

Tiltak	Handlingsplan	Løpande/årleg	Utførast i 2026	Ansvar
Utvikle ein ressursbank som kan tas i bruk av heile organisasjonen	Samle malar, kampanjemateriell, statistikk og rapportar på ei digital plattform.		Innan juni 2026	Sekretariatet, hovudstyret
	Oppretta ein argumentasjonsbank etter tema/felt, t.d. skulebibliotek, institusjonsmedlemskap osv.		Innan juni 2026	Sekretariatet, hovudstyret, faggrupper, utval
Forenkle innmeldingsprosedyrar	Få på plass ekspressinnmelding med Vipps.		Innan februar 2026	Sekretariatet
	Innmeldingsskjema integrert med medlemsregisteret.		Innan februar 2026	Sekretariatet
	Oppdatere tekst om medlemskap på nettsida.		Innan mars 2026	Hovudstyret, sekretariatet
Strukturere eit velkomstløp for nye medlemmer	Lage ein mal for digitalt velkomstbrev med info om medlemskapen, regionlag, nettverk, fordelar osv.		Innan februar 2026	Sekretariatet
Involvere alle organisasjonsledd	Sende oppdatert info til heile organisasjonen om utvikling i medlemstal og tiltak.	Desember		Sekretariatet

	Rapport om medlemstal og rekruttering legges fram for Hovudstyret.	Desember		Sekretariatet
	Verving eit tema på Organisasjonsmøtet.	Oktober		Sekretariatet, hovudstyret

MÅL: Auke talet på yngre medlemmer

Eit viktig mål med denne strategien er å senke aldersnittet på medlemmane. Kvar er det vi kan nå ei yngre målgruppe? Tiltaka her er retta mot studentar og nytilsette ved bibliotek. Det er to grupper der det er sannsynleg å treffe på potensielle medlemmer under ein viss alder. Og det er ein måte å avgrensa målgruppa på.

Tiltak	Handlingsplan	Løpande/årleg	Utførast i 2026	Ansvar
Gjennomføre rekrutteringskampanje retta mot studentar	Produsere målretta kampanjemateriell	Mai/juni	Innan juni 2026	Sekretariatet
	Stå på stand ved studiestart på OsloMet og UiT	August		Sekretariatet, NBF Oslo, NBF Nord
	Presentere foreininga ved studiestart på OsloMet	August/ september		Styreleiar
Gjere det enkelt for medlemmer og tillitsvalde å verve nytilsette ved eigen arbeidsplass	Hent inn eit attraktivt medlemstilbod for yngre medlemmer.		Februar 2026	Sekretariatet
	Utvikle ei startpakke med materiell og informasjon retta mot ei ung målgruppe. Fokus på nettverk og fordelar.		Mars 2026	Sekretariatet, faggrupper, regionlag
	E-post til medlemmer med ei oppfordring om å verve unge kollegaer. Informasjon om startpakke og medlemstilbud.		April 2026	Sekretariatet, faggrupper, regionlag

MÅL: Styrke medlemslojaliteten

Ein strategi for å halde på medlemmer kan vere å knytte medlemmene nærare til foreininga og gjere dei meir medvitne om kva vi gjer og kva medlemskapen inneber. Ein måte å trekke medlemmene nærare på kan vere god informasjonsflyt, å gje ei kjensle av tilhøyrse og at medlemskapen har ei betydning.

Institusjonsmedlemmer er ei viktig inntektskjelde for foreininga. Informasjon og gode argumentar for medlemskap som institusjonen kan nytte opp mot eigne leiarar kan vere ein nøkkel til at institusjonsmedlemmene vel å bli verande i foreininga. Her er det naudsynt å innarbeida rutinar for oppfølging av desse medlemmene, for å vere i forkant og unngå brannsløkking kvar gong nokon tek kontakt.

Tiltak	Handlingsplan	Løpande/årleg	Utførast i 2026	Ansvar
Etablere god informasjonsflyt til medlemmer	Medlemsbrev med hilsen frå leder, info om medlemskap m.m.	Desember		Styreleiar, sekretariatet
	Medlemsbrev om aktivitetar, aktuelle saker, medlemsfordelar, aktivitetar og info frå alle organisasjonsledd.	4 ganger årleg: januar, april, august, desember		Sekretariatet, hovudstyret, regionlag, faggrupper, utval
	Etablere innloggingsløysing for medlemmer i medlemsregisteret.		Innan mars 2026	Sekretariatet
	Etablere moglegheit for utsending av e-post og SMS til medlemmer gjennom medlemsregisteret.		Innan mars 2026	Sekretariatet
Følgje opp ubetalte medlemskap	E-post medlemmer med ubetalte medlemskap med ei oppfordring til å halde fram som medlem og	November/desember		Sekretariatet, hovudstyret, regionlag

	argumentar for medlemskap.			
Følge opp utmeldingar	Utarbeide mal for oppfølgingsbrev ved utmelding med spørsmål om grunngjeving.		Innan februar 2026	Sekretariatet
	I e-post promotere støttemedlemskap og redusert pris.	Løpande		Sekretariatet
	Fornye tekstar på faktura og betalingspåminnelse.		Innan fakturering i januar 2026	Sekretariatet
Gjere medlemskap attraktivt	Innføre betaling for ikkje-medlemmer på visse arrangement.	Løpande		
	Synleggjere stipendordningar og andre fordelar.	Løpande		
	Oppdatere og hente inn nye medlemsfordelar.	Løpande	Innan mars 2026	
	Sende ut eige medlemsbrev til institusjonar med informasjon om medlemskapen, fordelar, politisk arbeid, relevant sak, oppfordring til å ta kontakt ved behov m.m.	Januar		Hovudstyret, sekretariatet